

Lærerik helg i akuttmedisin for medisinstudentene. Foto Sunniva Garshol Skurtveit



# Seminar i akuttmedisin

Siste helga i august vart det arrangert seminar i akuttmedisin på Rikshospitalet. Målsettinga var å auke den akuttmedisinske kompetansen blant medisinstudentar.

Akuttmedisinsk gruppe (AMG) driv kompetanseformidling av akuttmedisinsk kunnskap av, og for medisinstudentar. Sidan dei vart til i 2008 har gruppa halde sertifiserte AHLR- og DHLR-kurs etter Norsk Resuscitasjonsråds (NRR) retningslinjer, og utdanna 424 deltakarar. Gruppa er formelt knytt til ANSA og Norsk medisinstudentforening (Nmf).

Helga var tettpakka med aktuelle tema formidla av høgt kvalifiserte og engasjerte foredragshaldarar. Leiar i NRR og ein viktig støttespelar for AMG, Kristian Lexow, informerte om NRR og nye retningslinjer for resucitering. Marianne Nordhov, overlege ved barneavdelinga UNN, fortalde om alvorleg sjuke barn og kva som kjenneteiknar desse og leiar i NORSEM, Lars Petter Bjørnsen, snakka om korleis ein akuttmedisiner tenker, og om diagnostiske tilnærmingar til brystsmerter. Seksjonsoverlege ved ambulanseavdelinga på Ullevål Anne-Cathrine Næss snakka om den medvitslause pasienten.

Tidlegare leiar for Saniteten i Forsvaret, Leif Rosèn, runda av dagen med temaet skot- og eksplosjonsskader. Dette vart høgaktuelt i fredelege Noreg 22.7. 2011. Det var nærliggande å tenke på alle dei som vart utsette for livstruande og dødelege skader denne uendeleg triste dagen.

Søndagen gjekk med til ferdigheitstrening. Forfattarane bak «Klinisk EKG diagnostik», Helene og Sverker Jern, var ansvarlege for ein svært populær post om EKG-tolking, og den lærerike helga vart avslutta med evaluering.

I september arrangerer AMG AHLR og DHLR-kurs i Budapest, og i november står Poznan for tur. Dei vil òg vere synlege på ANSA-fagseminaret i Polen. Gruppa utvidar i haust kurstilbodet, i tillegg til at fem nye instruktørar skal utdannast.

Alt arbeid i AMG er frivillig og kursinntektene går til arrangementa. For å halde deltakaravgifta lav, og slik nå flest mogeleg, er AMG på jakt etter fleire støttespelarar. Håpet er at alle som identifiserer seg med aktiviteten deira og kan bidra, gjer dette. Studiestadar som ønskar besøk vert oppfordra til å ta kontakt.

Bodskapen til AMG er klokkeklar: Til betre trent ein er i akuttmedisinske situasjonar tidleg i studiet, til tryggare vert ein som framtidig lege, og til tryggare vert omgjevnadane!

**Sunniva Garshol Skurtveit**
*sunnivag@hotmail.com*
Norsk medisinstudentforening

*Glimt fra Legeforeningens historie*

# Sykevogn

Helsedirektøren har fra NSB mottatt denne meldingen som bes velvilligst inntatt i «Tidsskrift for Den norske lægeforening»: «På Oslo Ø. er det stasjonert en sykevogn litra AEZo2a nr. 135. Vognen som ble hovedpusset i 1957 har en bra sykekupé med tilstøtende kupé for sykeledsager. Sykekupeen er plassert midt i vognen og har eget W.C. Vognen har utstyr så den kan brukes både på elektrifiserte og dampdrevne banestrekninger i alle NSB's innenlandske fjerntog. Dessuten er sykevognen utstyrt med omformer for drift av jernlunge ved transport av poliopasient. Omformeren kan avgi en effekt på 120 V.A. ved 220 volt 50 per. Ved behov kan vognen bestilles gjennom distriktssjefen i Oslo eller stasjonsmesteren, Oslo Ø.»

Oslo, 13. september 1958 *Tidsskriftet nr. 24, 1962. Side 964*

## Medlemsservice:

Legeforeningen har etablert en rekke gode ordninger som medlemmene har behov for i sin yrkesutøvelse. I denne spalten gis informasjon om de forskjellige ordningene.

### Husk å melde endringer i medlemsstatus!

Har du registrert e-post, mobilnummer og alle arbeidssteder? Du får en bedre medlemsservice når vi kan kontakte deg.

Sjekk *www.legeforeningen.no/MinSide* eller send e-post til *register@legeforeningen.no*

### Få dagens mediebilde på epost

Dagens mediebilde inneholder nyhetsklipp som er aktuelle for Legeforeningen og våre medlemmer. Alle medlemmer i Legeforeningen kan abonnere på mediebildet gjennom medlemsportalen Min side: *www.legeforeningen.no/minside*. Logg deg inn – velg Tema, Dagens mediebilde, og klikk på e-postabonnement for å velge hvor ofte du vil ha varsel.

### Identitetskort for leger

Leger med godkjent autorisasjon (ikke midlertidig) kan bestille ID-kort for leger. Søknadsskjemaet kan lastes ned fra Legeforeningens Internett-sider, eller det kan tilsendes ved henvendelse til Legeforeningens sentralbord, tlf. 23 10 90 00 eller e-post *legeforeningen@legeforeningen.no*. Identitetskortet sendes innen to uker etter mottatt søknad. Det koster 200 kroner.

### Juridisk bistand

Som medlem i Legeforeningen har man mulighet til å få juridisk bistand i saker som angår virksomheten som lege. Bistand gis som hovedregel gjennom en av sekretariatets jurister. Det er i enkelte saker også mulig å få dekket utgifter til bruk av egen advokat etter forhåndssøknad til rettshjelpsutvalget. Hvordan man skal søke, og hvilke saker som omfattes av ordningen finnes under rettshjelpsordningen: *www.legeforeningen.no/id/168449*

## Kunngjøring:

### Godkjenning av utdanningsinstitusjon

I tråd med Legeforeningens anbefaling har Helsedirektoratet den 15.9. 2011 truffet slikt vedtak:

Helsedirektoratet finner etter en konkret og helhetlig vurdering grunnlag for å godkjenne Sykehuset Innlandet HF, divisjon Gjøvik som utdanningsinstitusjon i infeksjonssykdommer i gruppe II.

**Les mer på www.legeforeningen.no**